



Samferdsleavdelinga

Sakshandsamar:

Finn Ivar Lied
E-post: Finn.Ivar.Lied@sfj.no
Tlf.:

Vår ref.

Sak nr.: 18/815-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

5420/18

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 05.02.2018

Notat

Frå: Fylkesrådmann

Til: Fylkesutvalet, møte 7.03.18

Kopi til: Hovudutval for samferdsle, møte 21.-23.03.18

Orientering om digitalisering og ny teknologi som verktøy for betre trafikktryggleik

Fylkestinget vedtok 06.12.2017 Regional transportplan 2018 – 2027, med følgjande hovudmål for trafikktryggleiken i Sogn og Fjordane:

«Eit transportsystem i Sogn og Fjordane som er trafikkikkert for alle trafikantgrupper og som tek vare på barn og unge sine behov».

Under hovudmål vart tre delmål vedteke. Eit av delmåla for planen er å

«Utvikle Sogn og Fjordane der digitalisering og bruk av ny teknologi blir ein systematisk del av arbeidet med å betre trafikktryggleiken».

I Regional Transportplan (RTP) er temaet skildra under delkapittel 6.4 – Digitalisering og ny teknologi, med vedteken strategi og tiltak.

Fylkestinget vedtok følgjande strategi:

- *Digitalisering og ny teknologi blir ein systematisk del av arbeidet med trafikktryggleik.*

Fylkestinget vedtok følgjande to tiltak:

- *Utvikle visjon for digitalisering av trafikktryggingsarbeidet.*
- *Legge forholda til rette for samarbeid med gründermiljø og aktuelle teknologileverandørar.*

Fylkesrådmannen sa under handsaminga av RTP i fylkestinget at administrasjonen ville ha behov for å få kome attende til fylkesutvalet med eit notat der vi ønskte å klårgjere korleis vi forstår ovannemnde tiltakspunkt mv.

Med bakgrunn i ovannemnde mål, strategi og tiltak har fylkesrådmannen utarbeida dette notatet.

Digitalisering i offentleg sektor og i samferdslesektoren

Kvardagen vår vert stadig meir digitalisert. Den teknologiske utviklinga skjer raskt, og nye løysingar vil kunne prege transportsystemet vårt i nær framtid.

Digitalisering handlar om å bruke teknologi til å fornye, forenkle og forbetre. Ved å bruke ny teknologi, eller bruk av eksisterande teknologi på ein ny måte, kan offentlege verksemder levere nye og betre tenester. Digitalisering bør ikkje vere eit mål i seg sjølv. Det bør heller vere eit verktøy for å verte i stand til å levere betre tenester på ein så effektiv måte som mogleg. I denne samanhengen altså eit middel for å nå vedteke målsettingar innan trafikktryggleik.

Det skjer ei omfattande utvikling innan teknologi og elektronisk kommunikasjon som vert teke i bruk i transportsektoren. Til dømes går den teknologiske utviklinga av autonome køyretøy svært

raskt mellom anna med sjølvkøyrande bilar og minibussar. Vidare har forbetring innan innhenting av store mengder data ført auka moglegheit for digital kommunikasjon mellom bil og bil, og mellom infrastruktur og bil.

Bruk av ny teknologi og auka utnytting av digitale hjelpemiddel kan gjere trafikkavvikling meir føreseieleg, effektiv og tryggare. Vidare vil ein kunne nytte digitale løysingar for å gjere kollektivreiser meir attraktive ved til dømes bruk av applikasjonar, sanntidsinformasjon om kollektivreiser og felles elektroniske betalingsløysingar som lettar bruk av ruter på tvers av operatør og fylkesgrenser.

Digitalisering som verktøy for trafikktrygging

Trafikkulukker påfører store menneskelege lidningar, og har monalege samfunnskostnader. Etter Vegtrafikklova §40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og koordinere tiltak til å fremje trafikktryggleiken i fylket.

I Sogn og Fjordane var det i 2016 4 drepne og 17 hardt skadde. Trafikktryggingsanalysen gjennomført i samband med kunnskapsgrunnlaget til RTP viser at vegtrafikkulukker er største utfordringa i fylket, og då særskilt bilulukker. Det er truleg her bruken av digitalisering og ny teknologi i trafikktryggingsarbeidet kan få størst effekt.

Auka trafikkmengde kombinert med ambisiøse målsettingar innan framkome, klimavenleg transport og trafikktryggleik har saman med tilgang til betre teknologi ført til at intelligente transporttenester og system (ITS) har vorte stadig meir brukte i transportsektoren. Overordna transportpolitiske dokument som Nasjonal Transportplan og Statens vegvesen sitt handlingsprogram har auka fokus på bruk av ITS for å løyse utfordringar i transportsystemet. ITS er eit eige satsingsområde for Statens vegvesen, og vil framover vere eit viktig verktøy for å betre tryggleiken for alle trafikantar.

Intelligente transporttenester og system (ITS)

Fysisk ITS-infrastruktur langs vegnettet (kommunikasjonssystem, sensorutstyr, variable skilt, kabelfsystem, straum og fysiske installasjonar) er ein del av veginfrastrukturen, og er difor vegeigar sitt ansvar. Vidare har Statens vegvesen, som sams vegadministrasjon, eit generelt ansvar for samhandling og koordinering av arbeidet. Det er viktig at ITS er ein integrert del av planlegginga allereie frå tidlig planfase for utbygging/utbetring av vegnettet og at det vurderast grundig kva elektronisk infrastruktur det skal leggjast til rette for.

ITS har til hensikt å påverke trafikanten til å endre åtferd slik at ein oppnår ei forbetring i trafikksituasjonen (tryggleik, miljø, framkome, tilgjengelegheit etc.). Det omfattar alle løysingar som i ei eller anna form nyttar informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit trafikk- eller transportsystem (kjelde: *ITS-rettleiaren til Statens vegvesen*).

Fysiske tiltak langs vegen omfattar mellom anna variable skilt, signal og informasjonssystem. Tiltaka til vegvesenet er i all hovudsak delt inn under følgjande tre formål:

- Informere og varsle trafikantane
- Styre trafikken
- Overvake trafikken

Døme på ITS-løysingar som kan gje ein tryggare trafikksituasjon:

- Tunnelovervaking – og styring
- Overvaking og styring av transport av farleg gods
- Variable skilt som gjer det mogleg for trafikanten å ta gode val
- Dynamisk belysning
- Sanntidsinformasjon om vêr, føreforhold og trafikkuhell
- Automatisk skanning av køyretøyets bremsar
- System som koplar inn og gir føraren hjelp i ulike situasjonar
- Varsel om dyr og andre hinder i vegbana.

Arbeid med vedteken strategi og vedtekne tiltak

Gjennom Regional transportplan 2018 – 2027 skal digitalisering og ny teknologi vere ein systematisk del av arbeidet med trafikktrygging. Det vil seie at digitale løysingar, og eventuelt nye teknologiar - som kan bli tilgjengeleg i løpet av planperioden - skal vurderast ved planlegging av ny infrastruktur på fylkesvegnettet. Slike løysingar skal også vurderast ved utbetring av eksisterande infrastruktur.

Tiltak: Utvikle visjon for digitalisering av trafikktryggingsarbeidet:

Den overordna visjonen for trafikktryggingsarbeidet er nullvisjonen; 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken. Visjonen er nedfelt i Nasjonal transportplan og er førande for arbeidet med trafikktrygging både nasjonalt, regionalt og lokalt. Det inkluderer også auka bruk av digitalisering og ny teknologi for betring av tryggleiken. Fylkesrådmannen meiner difor det ikkje er naturleg med ein eigen visjon for digitalisering av trafikktryggingsarbeidet.

Tiltak: Legge forholda til rette for samarbeid med gründermiljø og aktuelle teknologileverandørar:

Statens vegvesen har ansvar for drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet (fylkesvegnettet etter nærare avtale med fylkeskommunen). I arbeidet med ITS har Statens vegvesen både ei koordinerande og ei utøvande rolle. Statens vegvesen har ansvar for at det vert utvikla ny teknologi som kan nyttast i trafikktryggingsarbeidet, og at denne teknologien vert teken i bruk.

Ansvar for å ta i bruk nye ITS-løysingar ligg i all hovudsak til Vegdirektoratet som faginstans. Fylkeskommunen som vegeigar må ta stilling til om slike løysingar også skal takast i bruk på fylkesvegnettet. I desse vurderingane vil økonomi ofte vere ein faktor.

For tilrettelegging for gründermiljø og aktuelle teknologileverandørar viser fylkesrådmannen til eksisterande verkemiddelapparat i fylkeskommunen, samt til dei ordningar som vert forvalta av Innovasjon Norge, Regionalt forskingsfond mv.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner det ikkje er naturleg med ein eigen visjon for digitalisering av trafikktryggingsarbeidet.

Etter fylkesrådmannen sine vurderingar har fylkeskommunen ikkje (direkte) kompetanse eller kapasitet til utvikle nye digitale løysingar for bruk i trafikktryggingsarbeidet. Gjennom Statens vegvesen sitt arbeid med Intelligente transporttenester og system (ITS) kan vi (indirekte) få til løysingar som kan takast i bruk på fylkesvegnettet. Slike løysingar kan og kome til gjennom det verkemiddelapparatet fylkeskommunen er med å forvalte.

Utover dette ber fylkesrådmannen om fylkesutvalet sine ev. merknader.